

## ■ Tema: Seinferje til Fedje

# Når alle bidrag tel

Strilen sette torsdag fokus på ein familie med tre born som vel å flytta til nabokommunen Austrheim. Grunngevinga er at det vert for tungt for husbonden å pendla. Han går skift og kjem seg ikkje heimatt om kvelden etter seinvakt. Ei seinferje har ein prislapp på to millionar kroner per år.

Historia er langt frå hyggeleg for ein liten øykommune som slit med fråflytting. Fem innbyggjarar mindre er alvorleg, også for barnehage og skule. I det konkrete tilfellet står eit hus for sal.

Familien likar seg godt på Fedje, men kan ikkje svara på om dei vil flytta tilbake om det skjer noko med ferjetidene. Uansett må politikarane vurdere alle tiltak

”Politikarane treng gjerne skjerpa seg litt, sjølv om dei føler at dei gjer så godt dei kan.

som kan slå positivt ut og snu folketalet på rett veg. Eit framlegg er vervepremie på 25.000 kroner til dei på Fedje som får ein familie med små born til å flytta dit. Framlegget kjem frå varaordføraren, sjølv innflyttar. Om det ikkje får fleirtal i kommunestyret, er debatten sunn nok. Politikarane treng gjerne skjerpa seg litt, sjølv om dei føler at dei gjer så godt dei kan.

Fedje er i ein slik situasjon at kommunen naturleg nok i liten grad seier «nei» når det er snakk om nye etableringar som kan gje arbeidsplassar og inntekter. Av viktige løft siste åra er fleirbrukshallen med bowlingbane, og kommunen førebur bygging av nytt omsorgssenter. Nytt bustadfelt er på trappene, og hyttebygging dreg med seg aktivitet og inntekter, i alle høve i sommarhalvåret. Vindmøller meiner politikarane er negativt for øya, og ein vende tommelen ned for det. Når det gjeld seinferje, går me ut frå at eit spleiselag mellom mellom kommunen, fylkeskommunen og staten kan verta eit tema. Det har Masfjorden fått til, men summene her er vesentleg mindre. Små samfunn i Hordaland har vorte tilgodesett frå storsamfunnet med både vegar og bruer. Me synest politikarane på Fedje bør stå på vidare for seinferje. Når mangelen på det er konkret årsak til at ein familie på fem flytter, har ein eit uomtvis-teleg døme som slår rett ut på folketalet og dei statlege rammeoverføringane, kanskje også talet på årsverk i barnehagen. Det kan vera eit argument for at kommunen bør vurdere å prioritera egne pengar til å betra ferjetilbodet på kveldstid.



Strilen arbeider etter Ver varsom-plakaten sine reglar for god presseskikk. Om nokon meiner seg ramna av urettmessig omtale, oppmodar me desse til å ta kontakt med redaksjonen. Pressens faglige utvalg er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund som handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adressa til PFU er: Rådhusgt. 17, pb. 46 Sentrum, 0101 Oslo. Tlf. 22 40 50 40, fax: 22 40 50 55.



**STOREBROR SER DEG:** Å ta ein spansk ein og kvitta seg med boss på andre sin eigedom er ikkje alltid like lurt. Det fekk to rumenarar erfare denne veka.

## Alt kjem for ein dag

Skal ein kvitta seg ulovleg med boss, kan det vera lurt å ikkje leggja spor etter seg.



Av Gunn Berit Wiik Berg  
gunn.berit@strilen.no

Det må vera moralen etter at bosyndarane Strilen skreiv om for ikkje så lenge sidan, no er identifiserte. Bossen me snakkar om er dei 7-8 sekkane som vart dumpa utfor vegen i skulesvingane på Grimstad i april ein gong, berre nokre kilometer frå Kjevikkalden.

### Tok affære

Etter å ha ergra seg over svineriet ei tid, tok grunneigaren denne veka affære og begynte å rydda. Sidan reven og andre har hatt god tid til å grava

gjennom bossen, var innhaldet no godt synleg. Og der, midt mellom bleier og annan drit dukka det opp ein pakksetel.

### Hadde tatt ein spansk ein

Grunneigaren var ikkje verre på det enn at han ringte vedkomande, der sonen tok telefonen. Han la straks to og to saman og vart mildt sagt rasande. Saka er nemleg den, at han leiger ut delar av huset sitt til to rumenarar. Desse hadde han for ei stund sidan bedt rydda opp etter seg og kjøra bossen til Kjevikkalden.

Dette trudde utleigaren dei hadde gjort sidan bossen var vekke.

No har utleigaren lova grunneigaren å konfirmere dei to rumenarane og senda dei til Grimstad for å rydda opp resten.

# Samfunnshuset har mist ankeret

Av Livar Aksnes  
livar@strilen.no

AUSTRHEIM: Nokon har stukke av det med gamle ankeret som stod utanfor inngangen til Austrheim samfunnshus.

– Då eg oppdaga det torsdag, vart eg berre ståande og gapa. Eg kan ikkje forstå kven som kan få seg til å gjera noko slikt, seier Olav Hop til Strilen.

Hop er styreleiar i Austrheim samfunnshus. Det gamle ankeret stod laust oppe i ein haug med rullestein og var som ein skulptur å rekna.

### Med kran

– Eg veit ikkje kor tungt ankeret var, men dei som har teke det

med seg, må ha hatt bil med kran, helst lastebil, seier Hop.

Han oppdaga tjuveriet torsdag morgon, og han trur det må ha skjedd mellom måndag og torsdag.

– Eg meiner ankeret var på plass måndag, seier han.

### Meldt

Saka er meldt til politiet. Hop har også spurt folk om dei har sett nokon mistenkeleg aktivitet ved samfunnshuset i det siste, men til no utan napp.

Det gamle ankeret har tilhørt ein båt, men Hop veit ikkje kven.

Kva tjuvane skulle med ankeret, veit han ikkje.

– Kanskje dei skal selja det for å få prisen for jernet, seier han.

Viss nokon har teke det med seg på tull, håpar han at dei leverer det tilbake.

### Gaida tur til amerikagardar

RADØY. I morgon er det sesongopning på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta. Då vert det innsamling av amerikabrev og gamle foto i kyrkjekjellaren. Det vert gaida tur til amerikagardane på Sletta med Asbjørn Ystebø som gaid. Mot slutten av dagen vert det konsert i Emigrantkyrkja med Radøy damekor og Hjelmås mannskor.

**Strilen**

Ei politisk og økonomisk uavhengig avis for Nordhordland. Skipa 1961.

Utgevar: Forlaget Strilen A/S  
Trykk: Mediatrykk A/S

Avfotografering av stoff og annonsar for vidare reproduksjon er ikkje tillate utan etter avtale.

Adresse: . . . . .Kvassnesvegen 23  
Postboks 3, 5902 Isdalstø  
TIPSTELEFON: 97 15 10 20  
Telefon: . . . . .56 34 30 30  
Telefax red.: . . . . .56 34 30 31  
Telefax ann.: . . . . .56 34 30 32  
E-post: . . . . .avisa@strilen.no  
Annonser: . . . . .annonse@strilen.no

Bladpengar:  
Heilår: . . .kr. 895,-  
Halvår: . . .kr. 525,-  
3 mnd.: . . .kr. 295,-  
Utanom Noreg  
Heilår: . . .kr. 1325,-  
Halvår: . . .kr. 740,-  
3 mnd.: . . .kr. 403,-

Redaksjonen:  
REDAKTØR:  
Hans E. Storheim . . . . .959 31 280  
REDAKSJONSSEKRETÆR:  
Ketil Tjore . . . . .922 09 916  
JOURNALISTAR:  
Livar Aksnes . . . . .404 16 445  
Gunn Berit Wiik Berg . . . . .906 82 488  
Silje Sæterdal Bøyum . . . . .477 088 76  
Anne-Lise Nordpoll . . . . .986 96 459  
Harald Rongevær (desksjef) . . . . .920 88 921

Marknadsavdelinga:  
Marknadsjef Heidi V. Villanger . . . . .909 25 024  
Seniorkonsulent Lillian Sæle . . . . .926 26 928  
Grethe H. Stemland . . . . .993 86 085  
Elisabeth Skjelvik Stiansen . . . . .464 79 475  
Wenche H. Dale . . . . .480 25 950  
Gjertrud Strømme, grafisk formgjevar . . . . .920 49 122  
Annonseamkjøringa Bergensringen  
Susan Clark . . . . .982 17 444  
Dagleg leiar: Sveinung Tvedt . . . . .920 85 926

